

Årsmelding for Hjartdal historielag 2019

Styret 2019

Svein Bakkalia	leiar
Torgunn Opsal	nestleiar og sekretær
Borghild Hovde Brennekåsa	styremedlem
Gunvor Prestårhus	styremedlem
Audun Solberg	styremedlem
Torkjell Tjønn	styremedlem
Torkild H Mosebø	1. varamedlem og kasserar
Torkel Hytta	2. varamedlem

Valgkomite: Dag Krokaa, Tone Stuvrud og Ingebjørg Bjørnstad.

Revisor: Torkjell Sletta.

Styret har hatt 8 styremøte og varamedlemmane har møtt på styremøta.

Vi har hatt 217 medlemmar pluss 3 æresmedlemmar i 2019. Dette er 13 fleire enn fjoråret.

Kontingenten har vore kr 300,- inkl. gratis årbok. Dette er det samme som førre året.

Rekneskapen er avslutta og revidert pr 31.12.19 med ei omsetning på kr 265 054,94 og eit overskot på kr 5551,79,-. Behaldninga er på kr 208 636,72 pluss 106 646,68 som tilhører tre særrekneskap.

Møter og arrangement

Årsmøtet blei halde på Løvheim Gjestehus i Sauland onsdag 6. mars med 32 medlemmar tilstades. Årsmelding og rekneskap blei gjennomgått og godkjent.

Kari H Skoland presenterte valgkomiteens innstilling.

Leiar Svein Bakkalia var på valg og blei attvalgt som leiar. I tillegg var styremedlemmane Torgunn Opsal, Torkjell Tjønn på valg samt Torkild H Mosebø som vara. Alle blei attvalgt. Styret konstituerer seg sjølv.

Tone Stuvrud blei attvalgt i valgkomiteen. Kari H Skoland hadde fråsagt seg attvalg. Nytt medlem blei Ingebjørg Bjørnstad.

Etter pausa var det foredrag av Åsta Østmo Kostveit. Ho heldt eit svært interessant foredrag om figurar på gamle treskjelåvar.

Tur til Bøllås i Hjartdal lørdag 25. mai. Omlag 40 historieinteresserte blei med historielaget i eit fint vårver til den gamle garden høgt oppe i dalsida i Amjørndalen.

Over halvparten starta dagen med ein rusletur langs den gamle "gullvegen" til naboplassen Oreskogen med Olav Tho som kjentmann. Eigaren, Tore Gunnar Bratsberg, starta programmet på garden med å fortelje om Bøllås og dei som har levd her.

Olav Tho tok for seg grenda som strekte seg frå To-gardane til grensa mot Svartdal og strevet for føda i tidlegare tider.

Tradisjonsmat høyrer med på samlingar med historielaget. Og det var berre skryt å høyre om spa på hjartdalsmåten.

Ingvill Buen Garnås, folkesongar og kvedar, song og fortalde. Ho bur sjølv på nabogarden. Slåttspelet til folkemusikaren Torunn Raftevold Rue avslutta ein fin dag på Bøllås.

Det siste styremøtet i vår blei avslutta med smørbrød, kaffi og kaker på Løvheim Gjestehus.

Mellom 60 og 70 historieinteresserte personar møtte fram på historielagets

lansering av boka, Ein plass å bu - Husmannsplassane i Sauland, onsdag kveld 11. september.

Forfattarane Torkel Hytta og Audun Solberg har bruka mange år på å få registrert over 200 husmannsplassar i Sauland. Leif Skoje har stått for produksjon og utforming. Kvar plass har fått ein eigen omtale i boka. Saman med eit rikhaldig bildemateriale og oversiktlege kart har alt blitt samla i ei bok som for alltid vil vere ein viktig dokumentasjon om husmannsvesenet i bygda. Boka er på 235 sider.

På møtet fortalde Torkel Hytta om husmannsvesenet og Audun Solberg viste lysbilder.

Kjell Kaasa song husmannsviser og leia saman med Leif Skoje allsang av "Husmannspolka" av Alf Prøysen.

Alt i alt ein stor kveld for historielaget og det lokalhistoriske arbeidet.

Telen hadde eit stort oppslag om boka i etterkant og salget har gått veldig bra. Pr nå har vi selt vel 300 bøker av opplaget på 382.

Vi fekk støtte frå Hjartdal kommune, men avslag frå Hjartdalbanken på søknaden om økonomisk støtte til boka.

Lanseringsmøtet for Årbok 2019 blei halde tysdag 19. november på biblioteket i Sauland.

Omlag 20 frammøtte fekk høyre Kari H Skoland, Ingunn Hovde, Steinar Hovde og Ivar T Dahl lese og fortelje frå artikkane sine. Årbok 2019 har i alt 13 artiklar og var i år på 152 sider og fleire fargebilde enn vanleg. Boka er som vanleg gratis for medlemmane.

Underhaldninga stod spelemannen Ånond Versto for. Han er kunstner, sølvsmed og spelemann og har laga omslaget til Sogesong, plata til Anne Hytta og Øyonn Groven Myhren. Og spelet var framifrå!

Heimebaksten kom Ingunn Hovde med. Utsøkt!

Årets årbok fekk også i år eit fint oppslag i Telen etterpå med god hjelp frå Steinar Hovde og historia om bygdesmeden i Sauland, Thorbjørn Thorbjørnsen.

Førjulskvelden med julemat på Tuddal høvfjellshotell har blitt tradisjon og blei også i år halde saman med «Kjerringkveldane» i Tuddal. Det var om lag 50 deltakarar tilstades på årets julearrangement tysdag den 26. november. Som vanleg kom fleire med fellesbuss frå Hjartdal.

Spelemann og visesongar Gunnulf Sletta spela og song både før og under julemiddagen.

Hardingfele og folkemusikk har blitt eit fast innslag på førjulskveldane. Takk til Gunnulf for ei fin musikkoppleving!

Borghild Brennekåsa leia oss som vanleg trygt gjennom førjulskvelden. Og Ivar T Dahl takka

vertskapet og personalet for den gode maten med nokre av sine mange gode historiar om bygdefolk og bygdeliv frå tidlegare tider.

På *siste styremøtet før jul* blei fekk vi servert eit særst godt måltid heime hos Borghild Brennekåsa i Tuddal.

Som fjoråret har historielaget også dette året vore å treffe på *biblioteket kvar onsdag* mellom kl 18 og 20. Frammøtet har variert, men er såpass mykje mindre etterkvart at vi nå avviklar dei faste onsdagskveldane. Vi vil i staden halde fleire åpne historielagsmøte med eit eige tema.

Årbok 2019, Hjartdalskalenderen 2020 og Kontaktbladet

Årbokkomite for Årbok 2019 har som før vore Svein Bakkalia, Torgunn Opsal, Leif Skoje og Torkjell Tjønn og samarbeidet i komiteen er godt.

Årets bok var den niande årboka og er fortsatt gratis for medlemmane. Prisen er kr 200 i utsalg og opplaget er på 400 bøker. Lageret er pr nå tomt. Vi har stadig nye forfattarar, i alt 42 personar har til nå skrive i årbøkene. Vi byrjar likevel å merke at tilgangen på stoff minkar. Årboka er viktig i historielagets arbeid med lokalhistorie og får svært gode tilbakemeldingar.

Kalenderkomite for Hjartdalskalenderen 2020 har vore leiar Audun Solberg, Ivar T Dahl, Tone Stuvrud og Tor Djupedal saman med Kari Særsland og Kjetil Frøland som var nye i komiteen i år. Årets kalender er den 34. hjartdalskalenderen og er trykt i eit opplag på 550. Kalenderen er populær og går med eit bra overskot. Desse har stått for dørsalget i bygdene: Barnegospelen i Sauland og Montessoriskulane i Tuddal og Hjartdal. Provisjonen har vore kr 30 pr kalender og utsalgsprisen kr 100.

Kontaktblad for Hjartdal historielag nr. 50 blei sendt ut i til alle medlemmane og til alle hushaldar i kommunen i juni, saman med innbetalingsblankett for medlemskontingenten. Bladet var i fargar og på 12 sider. Innhaldet var m.a. referat frå årsmøtet, om turen til Bøllås i mai og om den nye husmannsplassboka. Leif Skoje hadde som vanleg ansvar for utforminga av bladet.

Kulturminnene

Dei to siste åra har styret gjennomført eit skoleringsopplegg om kulturminner og som blei avslutta med ein diskusjon om prioritering og plan for kulturminnearbeidet. Bygdelister over kulturminner, Heddal mølle og Tuddal bygdetun og konsolidering under NIA (Norsk Industriarbeider museum), kommunal kulturminneplan, registrering av husmannsplassar, Su-Aabø, Badstugu i Gvammen og historielagets kulturminnefond er hovudsaker.

I tillegg til lanseringa av den fyrste boka om husmannsplassane i september, fekk vi like før jul eit stort gjenombrot på to av dei aller viktigaste sakene i planen.

Kommunestyret vedtok i desember å be rådmannen utgreie arbeidsomfang og kor mykje det vil koste å utarbeide ein kulturminneplan for Hjartdal kommune. Dette har historielaget hatt som mål i mange år.

Det samme kommunestyremøtet vedtok løyvingar slik at Tuddal bygdetun nå blir konsolidert

under NIA paraplyen. NIA overtar med dette drifta av bygdetunet. Det blei også løyvd midlar for at NIA kan utgreie kva som kan gjerast med Heddal mølle.

I alle sakene har historielaget engasjert seg med møter med kommunen og NIA, skrive avisinnlegg og levert innspel til formannskap og kommunestyret.

Kulturminnefondet

Det kom ingen søknadar til Kulturminnefondet innan fristen 1. april. Det er heller ikkje slutført eller utbetalt noko til tidlegare prosjekt i 2019. Fondets saldo er nå kr 62 215,16.

Registrering av gamle buplassar

Boka om husmannsplassane i Sauland blei lansert i september og eit mangeårig og stort registreringsarbeid i Sauland var med det slutført.

Audun Solberg har nå overtatt etter Torkel Hytta som prosjektleiar. Registreringa og mykje av skrivearbeidet i Tuddal er godt i gang. Tuddalsboka er planlagt lansert hausten 2021.

I Hjarthdal har registreringsarbeid også kome igang.

Lokalhistorisk arkiv. Arkivet skal innehalde eit dokumentarkiv, eit fotoarkiv, eit lyd og filmarkiv og ei boksamling. Oversikten over materialet i arkivet vil bli digitalisert.

Vi er fortsatt med i prosjektet, *Synleggjering av usynlege arkiv i Telemark*, og har fått økonomisk støtte av prosjektet til innkjøp av arkivmateriell.

Arkivskåpa kom på plass førre året og arkivarbeidet held fram med grovsortering.

Mølla-ny bruk

Frøydis H Skoje og Geir J Hagen er historielagets representantar i styret for stiftinga Mølla-ny bruk for perioden 2019-2020. Erling Wang er kommunens representant. Styret har mottatt stiftingas årsmelding og rekneskap for 2018 og desse er tatt til orientering.

Etter at Frøydis H Skoje og Svein Bakkalia var på fleire møte i hausthalvåret 2018 med Norsk Industriarbeidermuseum (NIA) om konsolidering av Heddal mølle under NIA, blei forslag til avtaler nedstemt i kommunestyremøte i desember samme år.

Det nye kommunestyret tok saka opp på nytt året etter, i desember 2019. Det blei nå vedtatt å løyve pengar over ein fireårsperiode til eit prosjekt leia av NIA, der framtida til mølla skal utgreiast. Dette vedtaket er svært positivt og viktig i spørsmålet om mølla si framtid.

Bygdedagane

Historielaget var som vanleg til stades på Slåttefestivalen i Hjarthdal 15. juni, på Bygdedagen i Tuddal 30. juni og på Bygdedagen i Sauland 31. august. Alle stadene hadde vi eigen salgsbod med informasjonsmateriell og salg av bøker.

Andre saker

- Økonomisk støtte

Historielaget har fått kulturmidlar på kr 4000 frå Hjartdal kommune og kr 5000 i gåvemidlar frå Sparebank1 Telemark. For fyrste gong fekk vi avslag frå Hjartdalbanken på gåvemidlar i 2019.

- Innkjøp av nytt sjalusiskåp på biblioteket

Skåpet blir bruka til kontorutstyr og kosta kr 3794.

- Hjartdal historielag blei innmeldt i foretaksregisteret i Brønnøysund i 2019. Dette blei gjort for fortsatt å kunne motta mva.kompensasjon frå staten. Registreringa i foretaksregisteret gjev også historielaget rett til å motta Grasrotandel frå Norsk Tipping, og vi er nå oppført der som mottakar.

- Sosiale medier

I tillegg til den faste nettsida vår legg vi ut bilde og meldingar om arrangement på historielagets sider på facebook.

Styret i Hjartdal historielag

Svein Bakkalia

leiar